

Kulturdepartementet 30. mars 2010

Språkstatistikk for departementa for 2009

Det er fastsett i § 1 i forskrift til lov om målbruk i offentlig teneste at Kulturdepartementet skal føra tilsyn med gjennomføringa av målbruksreglane. Som ledd i tilsynsarbeidet registrerer vi målform og sidetal i alle proposisjonar og meldingar etter kvart som dei ligg føre. Ved slutten av kvart kalenderår ber vi dessutan dei andre departementa senda inn sjølvregistrerte oppgåver over målbruk i anna tilfang som kjem inn under hovudreglane i § 8 første ledd i mållova.

Desse reglane seier at statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal syta for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. som organet lagar, vekslar mellom målformene slik at det blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei. Dersom organet finn grunn for det, kan slikt tilfang gjevast ut i begge målformer. I § 6 i forskrifta til lova er det fastsett at ei rimeleg kvantitativ fordeling vil seia at ingen av dei to målformene skal vera representert med mindre enn 25 prosent.

Proposisjonar og meldingar til Stortinget er den dokumentkategorien der det lèt seg gjera å måla nynorskprosenten mest eksakt. Her har det frå eit nivå på 11 prosent i 1994 skjedd om lag ei fordobling av nynorskbruken fram til i dag. Det vil seia at nivået no er kome opp i vel 22 prosent. Men utviklinga i desse åra har ikkje vore jamn; auken i nynorskbruken har gått i rykk og napp, og framleis ligg altså nivået klart under det minstekravet som følgjer av lov og forskrift. Den einaste gongen departementa under eitt oppfylte dette minimumskravet, var i 2006; da registrerte vi ein samla nynorskbruk i proposisjonar og meldingar på 25,4 prosent.

Men dei siste tre åra har altså nivået gått tilbake med nærmare tre prosentpoeng. Dersom vi ser treårsperioden under eitt, dvs. åra 2007, 2008 og 2009, var det nøyaktige talet 22,6 prosent. Dette går fram i den høgre kolonnen i tabell 1 nedanfor. Tabellen viser også at det er store skilnader dei ulike departementa imellom. Nynorskprosenten varierte såleis frå berre vel 3 prosent i Helse- og omsorgsdepartementet til over 80 prosent i Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Vel halvparten av departementa oppfylte den lovheimla minimumskvoten på 25 prosent, mens den andre halvparten, i alt åtte av departementa, brukte mindre nynorsk i proposisjonar og meldingar enn det dei er pliktige til.

Nynorskprosenten i anna dokumenttilfang, som er basert på sjølvrapportering frå kvart enkelt departement, er gjennomgåande lågare enn i proposisjonar og meldingar. Særleg gjeld dette for dei meir omfangsrrike dokumenta, for registreringsformål operasjonalisert til dokument på 10 sider eller meir. Her var samla nynorskprosent i 2009 på berre vel 7 prosent. Dette går fram av tabell 3. Ein må vera merksam på at mange av departementa kan ha heller få slike dokument kvart enkelt år, og at ein difor ikkje kan leggja for stor vekt på prosentutslaget for kvart departement for eit enkelt kalenderår. Ved vurderinga må ein også ha in mente at fleire av dei departementa som

kjem dårleg ut i denne tabellen, til gjengjeld har skriva mykje nynorsk i proposisjonar og meldingar. Det er likevel ingen tvil om at det gjennomgåande blir brukt nynorsk altfor sjeldan når departementa produserer dokument som brosjyrar, rettleiingar, rapportar, større høyringsbrev og liknande.

Situasjonen er gjennomgåande mykje betre når det gjeld nynorskbruk i dei mindre dokumenta. Her blir ikkje nynorskprosenten rekna ut på grunnlag av samla sidetal, men ved at kvart dokument med eit omfang på 1–4 sider tel som éi dokumenteining, mens dokument på 5–9 sider tel dobbelt. Som det går fram av tabell 2, vart det på dette grunnlag registrert ein samla nynorskprosent i 2009 på vel 19 prosent. Dette er ein nedgang på vel 2 prosentpoeng frå dei to føregåande åra, men framleis eit nivå som ligg klart høgare enn i heile perioden frå 2001 til 2006.

Dersom vi går lenger tilbake i tid, ser vi derimot at ein har vore oppe i minimumskravet på 25 prosent. Det må likevel takast omsyn til at talunderlaget er usikkert. Det kan henda at ei mogleg underrapportering kan vera med på å forklara at det registrerte nynorskbruken tidlegare har vore høgare. Vi kan heller ikkje sjå bort frå at også ein del av skilnadene departementa imellom kan ha samanheng med at dei i ulik grad maktar å fanga opp og rapportera inn alt det varierte informasjonstilfanget som departementa i dag produserer.

Tabell 1. Stortingsdokument – nynorskprosent etter sidetal

Departement	1994-2009	2006	2007	2008	2009	2007-2009
1. Fornyings- og adm.dep. ¹	26,8	92,1	91,5	70,2	89,5	83,5
2. Kunnskapsdepartementet ²	44,6	58,0	69,7	42,0	36,6	46,3
3. Samferdselsdepartementet	20,2	27,4	65,2	53,9	25,4	41,0
4. Miljøverndepartementet	29,7	37,4	42,8	45,3	32,2	39,1
5. Landbruks- og matdepartementet	49,9	61,9	44,5	39,0	32,5	38,0
6. Fiskeri- og kystdepartementet	23,8	27,5	43,6	21,3	45,6	37,3
7. Barne- og likestillingsdep. ³	15,1	1,8	2,7	33,9	50,2	34,5
8. Olje- og energidepartementet ⁴	13,6	23,4	35,9	21,3	40,4	33,6
9. Kultur- og kyrkjedepartementet ⁵	31,2	12,6	27,1	27,0	21,7	25,7
10. Kommunal- og regionaldep. ⁶	17,5	33,0	8,9	19,1	29,4	19,5
11. Utanriksdepartementet	18,1	16,0	20,8	16,1	14,9	17,2
12. Nærings- og handelsdep. ⁷	8,6	3,7	39,3	9,4	10,5	16,9
13. Forsvarsdepartementet	9,6	11,1	24,6	6,3	8,9	13,9
14. Finansdepartementet	9,4	12,8	9,2	14,4	12,6	11,9
15. Justis- og politidepartementet	12,3	35,0	12,6	7,2	15,1	11,8
16. Arbeids- og inkluderingsdep. ⁸	8,4	18,0	4,7	17,4	1,7	8,3
17. Helse- og omsorgsdep. ⁹	6,3	11,8	0,3	7,8	4,3	3,1
SUM	17,9	25,4	22,9	22,8	22,1	22,6

¹ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet og frå 1. oktober 2004 til 21.12.2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet.

² Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

³ Tala frå før 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet

⁴ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

⁵ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

⁶ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet

⁷ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet

⁸ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 1.1.2004 gjeld dei Sosialdepartementet og deretter fram til 31.12.2005 gjeld dei Arbeids- og sosialdepartementet.

⁹ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

Tabell 2. Andre dokument (under 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter talet på dokument

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
1. Kommunal- og regionaldep. ¹⁰	28	36	32	28	28	14	20	22	29	29	44	53
2. Samferdselsdepartementet	15	21	20	16	14	22	25	29	47	41	56	51
3. Fiskeri- og kystdepartementet	31	20	21	21	18	26	24	27	30	38	34	37
4. Fornyings- og administrasjonsdep. ¹¹	26	18	16	7	8	9	18	22	57	42	46	31
5. Statsministerens kontor					8	11	10	20	14	22	25	31
6. Kultur- og kyrkjedepartementet ¹²	37	34	28	15	29	25	30	24	26	28	27	27
7. Justis- og politidepartementet	10	8	32	26	18	20	25	12	14	31	19	23
8. Finansdepartementet	44	36	26	27	17	15	14	11	17	23	18	22
9. Arbeids- og inkluderingsdep. ¹³	27	30	24	5	7	10	7	38	12	18	15	19
10. Olje- og energidepartementet ¹⁴	13	15	38	29	21	26	22	21	26	21	21	15
11. Helse- og omsorgsdep. ¹⁵					20	11	12	10	8	20	27	15
12. Barne- og likestillingsdep. ¹⁶	37	18	41	13	7	9	15	22	16	34	9	14
13. Utanriksdepartementet	14	16	67	12	13	20	7	20	15	18	15	9
14. Forsvarsdepartementet	2	10	9	0	3	0	3	10	17	11	8	9
15. Nærings- og handelsdep. ¹⁷	15	16	13	11	8	4	5	15	29	14	2	9
16. Kunnskapsdepartementet ¹⁸	35	25	21	8	8	7	7	4	9	20	22	6
17. Miljøverndepartementet	42	38	28	20	12	8	6	3	3	2	11	5
18. Landbruks- og matdepartementet	36	18	31	21	- ¹⁹	30	7	40	7	- ²⁰	- ²¹	- ²²
SUM	25	22	25	17	13	15	12,6	12,4	15,5	21,6	21,5	19,3

¹⁰ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

¹¹ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet og frå 1. oktober 2004 til 21.12.2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet.

¹² Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

¹³ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 1.1.2004 gjeld dei Sosialdepartementet og deretter fram til 31.12.2005 gjeld dei Arbeids- og sosialdepartementet.

¹⁴ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

¹⁵ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

¹⁶ Tala frå før 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet

¹⁷ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

¹⁸ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

¹⁹ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

²⁰ Ikkje levert rapport

²¹ Ikkje levert rapport

²² Ikkje levert rapport pr. 26. mars 2010.

Tabell 3. Andre dokument (over 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter sidetal

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
1. Olje- og energidepartementet ²³	0	0	0	0	0	0	24	46	62	71	42	63
2. Fiskeri- og kystdepartementet	-	12	29	0	8	15	3	5	8	0	37	37
3. Kommunal- og regionaldep. ²⁴	8	11	22	23	26	4	4	5	10	23	20	27
4. Miljøverndepartementet	42	30	8	6	19	18	23	0	-	0	34	14
5. Kultur- og kyrkjedepartementet ²⁵	13	5	2	5	13	2	25	6	4	26	14	11
6. Samferdselsdepartementet	0	0	0	0	0	0	12	0	2	28	46	9
7. Finansdepartementet	6	15	6	12	4	0	0,0	0	16	4	7	8
8. Justis- og politidepartementet	2	1	4	4	1	2	5	2	2	1	7	8
9. Kunnskapsdepartementet ²⁶	11	8	18	6	0	16	5	1	6	0	3	7
10. Nærings- og handelsdepartementet ²⁷	5	0	0	3	11	5	11	0	0	0	6	6
11. Helse- og omsorgsdepartementet ²⁸	-	-	-	-	7	9	9	0	6	4	2	5
12. Statsministerens kontor					10	90	0	100	0	100	6	4
13. Utanriksdepartementet	4	8	0	0	0	7	2	6	6	5	1	3
14. Fornyings- og administrasjonsdep. ²⁹	12	8	53	37	8	0	0	3	21	12	9	2
15. Barne- og likestillingsdepartementet ³⁰	11	19	24	4	4	3	3	2	2	19	0	0
16. Arbeids- og inkluderingsdepartementet ³¹	6	7	20	10	0	0	9	0	0	33	0	0
17. Forsvarsdepartementet	-	0	-	-	0	0	0	0	0	0	0	0
18. Landbruks- og matdepartementet	1	0	11	2	- ³²	0	0	0	33	- ³³	- ³⁴	- ³⁵
SUM	12	10	13	9	8	6	5,6	4,6	7,7	8,8	8,4	7,2

²³ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

²⁴ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

²⁵ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

²⁶ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

²⁷ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

²⁸ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

²⁹ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet og frå 1. oktober 2004 til 21.12.2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet.

³⁰ Tala frå før 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet.

³¹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 1.1.2004 gjeld dei Sosialdepartementet og deretter fram til 31.12.2005 gjeld dei Arbeids- og sosialdepartementet.

³² Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

³³ Ikkje levert rapport

³⁴ Ikkje levert rapport

³⁵ Ikkje levert rapport